

Nord-og Midthordland Sogelag

v/Magnar Ottesen

Radøy Kommune

v/Ordfører

### **Søknad om økonomisk støtte til Nord-og Midthordland Sogelag.**

Litt bakgrunnsinformasjon:

Nord-og Midthordland Sogelag vart skipa 1916, og gav i mange år ut årboka

Frå Fjon til Fusa.

Laget drog i gong arbeidet med Strilesoga, og fekk gjeve ut samla dikt av Aslaug Låstad Lygre og Olav Nygård.

I tillegg til dette tok laget på seg eigarskapen til to bygningar som seinare vart freda.

Dette var Bogatunet og Syltastova.

Nord –og Midthordland sogelag ynskjer i utgangspunktet å leggja ned laget, då medlemsmassen vert stadig mindre og eldre. Dette har ikkje latt seg gjera fordi klausular i skøytet på bygningane gjer at dei i praksis ikkje kan overdragast til andre.

Nokre medlemmer(eldsjeler) i Nordhordland gjer difor eit forsøk på å halda liv i laget for å ta vare på desse to bygningane. Laget har per i dag ingen eigenkapital, ingen inntekter, men ein del årlege utgifter til straum, forsikring og naudsynt vedlikehald.

For å klara å ta vare på bygningane, vonar me kommunen vil bidra.

Me søker difor kommunen om eitt tilskot på kr 100 000, og elles at kommunen kan bidra med stell av uteområde i sumarhalvåret, tilsyn og vedlikehald.

Nord-og Midthordland sogelag vil, saman med Radøy Sogelag, bidra med dugnad både innan vedlikehald, tilsyn og formidling.

Me ser for oss følgjande tiltak som bør gjerast:

- Leggja inn straum i Syltastova
- Parkeringsplass i tilknytning til Syltastova
- Brannsikring av Bogatunet
- Tilrettelegging for meir oppvarming i Bogatunet
- Betre toalettfasilitetar i Bogstunet
- Etterbehandling av gjenstandar i begge bygningane.

Me vonar kommunen vil bidra økonomisk i arbeidet med å ta vare på bygningane som er viktige for både kommunen og regionen, og tek gjerne eit møte med dykk om dette.

Manger, 01.11.2018

Med helsing

Magnar Ottesen

-Leiar-